



Ronny Lakselv har truleg framleis ein sjanse til å få sende kommunestyret direkte. (Foto: Karl Petter Vårdal)

**Formannskapet utsette torsdag føremiddag samrøystes saka om direkte-sendte kommunestyremøter og sendte ho vidare til kommunestyret..**

**Dermed kan Uskedalen-selskapet TV Sydvest framleis ha ein sjanse til å få sendingane, sjølv om rådmannen gjekk inn for at det skulle forhandlast vidare med eit anna selskap.**

Dette selskapet var Itum, som hadde kome med det lågaste anbodet - på 108.500 - medan TV Sydvest sitt anbod var på 496.400. Det er avsett 150.000 på budsjettet til føremålet-

Rådmannen tok det atterhaldet at anboda ikkje var samanliknbare. TV Sydvest går inn for overføring til TV-produksjon og internett, medan Itum kan tilby overføring til internett og 'eventuelt via lokal-TV', som dei formulerar det.

Elisabeth Eide Taraldsen (Frp) kom med forslaget om utsetjing då ho tykte at forslaget frå rådmannen var tynt. Ho påviste stor skilnad på anboda med omsyn til løysing. Og ettersom det er kommunestyret som harvedteke at det skal haldast fram med direkteoverføringar bør også dei avgjera korleis dei vil ha overføringane. Eide Taraldsen la ikkje minst vekt på å få sjå utlysingsteksten.

Erling Boland (Ap) sa at anboda sprika litt for mykje og også han stilte spørsmålet: Kva er det vi eigentleg ynskjer?

- TV Sydvest vil gjeva oss eit levande bilete slik dei har gjort det til no. Dei andre trur eg satsar på eit fastmontert kamera, sa Boland og viste til at til dømes dei som er på institusjon må ha ein skjerm å sjå på.

Av Ola Matti Mathisen